



Notat

Dato: 04.06.2014
Arkivsak: 2014/17306-1
Saksbehandlar: benutne

Til:	Fylkesutvalet, Samferdselsutvalet
Frå:	Fylkesrådmannen

Svar på spørsmål om vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)

Benthe Bondhus stilte følgjande spørsmål i Fylkesutvalet 20.05.2014:

"Vegprosjekt som store spleiselag (eks. Jondalstunnelen)

Fullfinansiering, med blant anna midlar frå kommunar og næringsliv. Prosjektet vart rimelegare enn venta. Korleis vert innsparingane fordelt på bidragsytarane?"

Jondalstunnelen:

Statens vegvesen Region vest har i notat datert 30.05.2014 (vedlegg) svart på dette spørsmålet, og kome fram til «rest av styringsramma pr 31.12.14» på rundt **106 mill.kr** (2014-kr).

Det går fram av notatet at styringsramma for prosjektet var 848 mill.kr (2009-kr). Frå denne er det trekt ut årleg forbruk (rekneskapsførte tal, prognose for 2014). Rest styringsramme er årleg oppjustert med SSB sin prisindeks for veganlegg.

Statens vegvesen antar at innsparinga/mindreforbruket vil liggja på rundt 100 mill kr.

Dette går fram av Stortingsproposisjonen at Hordaland fylkeskommune er ansvarleg for prosjektet, og har tatt på seg å dekkja eventuell kostnadsauke. I avtalen mellom partane er det også presisert at eventuelle innsparingar skal tilfalla fylkeskommunen. Dette er i samsvar med vanleg praksis på området, byggherren har risikoen og dekkar meirforbruk/får godskrive mindreforbruk.

Generelt om store spleiselag:

Det vert vist til notatet frå Statens vegvesen.